

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 26.11.2024

Vår ref.: 202420449-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsregelement for Kjelavassdraget i Vinje kommune og Ullensvang kommune

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Ståvatn og Kjelavatn i Kjelavassdraget. Dette er planlagt i perioden 24.02.2025 – 28.04.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om mellombels løyve blir derfor berre send på høyring til Vinje kommune, Ullensvang kommune, Telemark fylkeskommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Statsforvalteren i Vestland, Setesdal-Ryfylke Villreinområde, Røddal fjellstyre og Haukeliseter fjellstue (DNT).

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå Statkraft, datert 15.11.2024, om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet ved Ståvatn og Kjelavatn i samband med ombygging av Kjela dammar, ved å:

- Manøvrere Ståvatn over LRV
- Halde Kjelavatn nær LRV i perioden
- Fråvike slepp av minstevassføring på 300 l/s i Kjelavassdraget

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9534/V. NVE har handsama liknande søknader i 2020, 2022 og senast i 2024 (www.nve.no/9182/V).

Kva me ønskjer fråsegn om

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttala seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202420449 i emnefeltet.



Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

15.01.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med halsen

Brit Torill Haugen
fung. seksjonssjef

Oscar Østvold
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

Haukeliseter fjellstue
VINJE KOMMUNE
Setesdal-Ryfylke Villreinområde
Røldal fjellstyre
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ULLENSVANG KOMMUNE
TELEMAR FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS